



- Sjå på den fine engelen eg har laga, seier Nikolai Kjørnes Kallekleiv frå Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den aller første juleverkstaden på bedehuset laurdag vart ein suksess - med 30 deltakarar opp til og med tiande klasse. Dei kom stort sett frå Uskedalen og Herøysund - men også Sauda var representert!



Montasje av englar pågår. Frå venstre

Verkstadproduksjonen var svært allsidig og juleretta. Anna Ingeborg Bjørneboe leia tovinga av ull til englar, medan Oddbjørg Heimark hadde ansvaret for dypping av lys og Elin Enes underviste i modellering av marsipanfigurar.

Ingunn Olsen, Ariana Olsen Rørvik, Aud
Isaksen Haugland og Nelly Kjærland.
(Foto: Ola Matti Mathisen)



Oddbjørg Heimark leia lysdyppinga og her underviser ho i første stadium av prosessen. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Søndagsskulen, hobbyklubben og småbarnstreffet var saman om verkstaden og alle var fornøgdde etter ein triveleg dag.



Marispanfigurproduksjonen hadde Elin Enes ansvaret for. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Det heile starta med song, bibelforteljing ved Oddbjørg og grautservering, og så gjekk alle til verket.



Eli Marie Kjøsnes Kallekleiv frå Herøysund og Karolina Morlandstø frå Sauda viser fram englane sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Ella Karina og Janne Hjørnevåg lagar englar saman. (Foto: Ola Matti Mathisen)